

”REISEFØRAR”

Guide for Gjesdal kommune

Reiseruter:

- Omvisning i Ålgård
- Vaula Bru – Søyland
- Lomelandsvik – Gjesdal – Vaula Bru
- Bjellandsheia – Brekko og Madland
- Vaula Bru - Oltedal – Dirdal – Gilja - Tverranå
- Gilja – Frafjord



Kommuneblomsten Klokkesøte Foto: Bjørn Øfstaas

Rev. 17.08.2010
Gjesdal Kulturkontor

Reiseførar gjennom Ålgård



Foto: Copyright Kongeparken

Kongeparken

Ålgård – tettstad

Når vi no snakkar om Ålgård, meiner vi tettstaden Ålgård og som omfattar gardane Edland gnr. 5, Berland gnr. 6 og Ålgård gnr. 7. Ålgård er vakse fram etter 1870. Utover gardsbruka var det i 1870 bare to bygningar i Ålgård, nemleg to kvernhus som stod ved elva litt nedanfor osen i Edlandsvatnet. Edlandsvatnet som i aller høgste grad er med og gjer Ålgård til ein triveleg stad. Ålgård ligg 102 meter over havet.

Kommunen har 9 426 (pr. 01.01.06) innbyggjarar, derav bur 2/3 i tettstaden Ålgård.

Namnet Ålgård tyder ”ålagard” eller ”ålagjerde”, det vi kallar ”mærgard”. I alle fall er det ål og ålefiske som har gitt garden namnet. Og i ”Grågås” frå ca. 1620 kan vi lesa at garden Ålgård kvart år måtte levera 1 laup fersk ål til biskopen i Stavanger. Og framleis er det både ål og annan fisk i bekker, elvar og vatn her i bygda.

DFU – De forenede Ullvarefabrikker A/S

DFU – De forenede Ullvarefabrikker A/S er det som har gitt næring og vekst for Ålgård. Ole Nielsen var fødd i 1827 på husmannsplassen ”Hajen” i Hjelmeland (Ryfylke). Han kom som ung til Stavanger i fargerilære og i 1853 starta han sitt eige fargereri i Sandnes. I 1869 drog han ein tur til Sverige der han kjøpte ein spinnemaskin og fekk denne til Sandnes. Maskinen vart dreven dels med handkraft og dels med hestevandring. Primitivt og tungvint, men grunnlaget var lagt for moderne industri.

Ole Nielsen hadde fått auga på Fossen her på Ålgård, og der låg framtida. Fossen og store areal rundt i Ålgård vart kjøpt. Fabrikk og bustader vart bygde. Fabrikken kom i gang våren 1870. Og frå den tid har det vore vekst og utvikling i Ålgård – til det som Ålgård er i dag. Av det areal som DFU kjøpte inn, vart det selt tomter til dei som ville byggje seg eigne hus. Prisen på tomtene varierte frå 40 øre til 1 krone for 100m². Ja, så seint som i 1950-åra selde DFU tomter til sine arbeidsfolk for 100 kroner for 1 dekar jord!

DFU var ikkje bare grunnlaget for Ålgård, men vart og grunnlaget for vekst og trivsel i heile Gjesdal kommune.

Ole Nielsen – bysten utanfor Storahuset

Som nemnt vart Ole Nielsen fødd på ein husmannsplass i Hjelmeland i 1827. Han var 88 år gammal då han døydde i 1915. Han hadde då fått H.M. Kongens fortjenestemedalje i sølv, H.M. Kongens fortjenestemedalje i gull og han var Ridder av 1. klasse av St. Olavs Orden. Den 5. juni 1920 vart det avduka ei byste av Ole Nielsen. Bysten står utanfor Storahuset. Bysten er laga av bilethoggaren Jo Visdal, fødd i Vågå 1861, død 1923. Ja, er det ikkje slik at du i bysten kan sjå Ole Nielsens spesielle særpreg: ro, tålmodighet og uthaldenhet. Jo Visdal har laga mange byster m.a., Henrik Ibsen i Skien, Johan Feyer i Egersund, Bjørnstjerne og Karoline Bjørnson, statsminister Michelsen, Edvard Munch og andre. Han har og laga altertavla i Fagerborg kyrkje i Oslo.

Storahuset

Då Ole Nielsen starta opp på Ålgård i 1870 måtte han og skaffa husvære og mat til arbeidsfolket. Det var felles hushald der Ole Nielsen og kona hans, Malena Hansdotter, var vertskap og sat til bords med sine arbeidsfolk.

Storahuset som vart bygd ferdig i 1887 inneheldt hyblar, leiligheter, kjøkken og matsal. Seinare vart det også til kontor, bibliotek, postkontor og telefonsentral. Storahuset var kvadratisk med ein stor åpen plass i midten.

Storahuset vart overtatt av Gjesdal kommune og i 1987 flytta kommuneadministrasjonen inn i Storahuset. Ei omfattande ombygging og restaurering har gitt kommunen eit særst tenlegt administrasjonsbygg, samtidig som ein har ”sikra” eit monument og minne frå den tid DFU var under oppbygging.



Veveriet

Foto: Øyvind Larsen

Veveriet

Etter ein årelang diskusjon om kjøp og utnytting av den tidlegare fabrikkbygningen til De Forende Ullvarefabrikker, Veveriet, vart det inngått ein intensjonsavtale mellom private næringsdrivande og Gjesdal kommune.

Den meir enn 100 år gamle veveribygningsen er ein viktig del av det gamle industrimiljøet som nå blir teke vare på. Den 13. august 2001 vart Veveriet offisielt åpna av ordførar Karl Edvard Aksnes.

Veveriet inneheld nytt moderne bibliotek, forsamlingsal med plass til ca. 100 personar og lokaler til leige med moderne IKT-utstyr. I biblioteket har ein også teke vare på deler av kulturen rundt tekstilindustrien på Ålgård. Biblioteket har hatt ein sterk auke i utlån og besøkstall etter åpninga. Turistinformasjon i biblioteket.

Ålgård bru

Mellom Storahuset og den gamle Veveribygningsen finn vi Ålgård bru. Denne brua er bygd i 1857 og er 12 meter lang med opprinneleg breidde på 3,3 meter, og kostnadene var kr 860,-. Det er ei steinkvelvebru, eit fint kunstverk i seg sjølv. Det var kristendommen som førde kvelvkonstruksjonen til Norge. Dei første steinkyrkjene med dei romanske bogar gav støyten til bygging av steinkvelvebruer.

Rettedalen 7 (DnB – bygget)

Hausten 2000 kjøpte Gjesdal kommune DnB-bygget (Rettedalen 7) og i løpet av 2001 flytta administrasjonen for tenesteområde opplæring, tenesteområde barnehage, tenesteområde ressurscenter for barn, unge og voksne, kulturkontor, pedagogisk-psykologisk teneste, barnevern og IKT-avdelinga inn i bygget.

I tillegg finn du kyrkjekontor og likningskontor/folkeregister i same bygning.

Gjesdal Heradshus (Helse- og sosialsenteret)

Heradshuset vart tatt i bruk 24. november 1958. Arkitekt var byarkitekt Våland i Stavanger. Fram til 1987 var dette det kommunale administrasjonsbygget. No er det NAV inkl. sosialtenesta, Ålgård Legesenter, offentlig tannhelseteneste, flyktningekonsulent og norskopplæringa som held til der.

Ålgård skole – Kadlaneset - barneskole.

Ålgård skole vart tatt i bruk i 1954. Den avløyste då det gamle skolehuset bygd av DFU då det var bruksskole i Ålgård. Ved skolestart i 2001 vart nytt tilbygg teke i bruk.

Gjesdal ungdomsskole

Ungdomsskolen på Solås. Rehabilitering av skolen vart ferdig i 2004.

Ålgård Meieri

Meieriet starta i 1892. I meieriet var det produksjon i nærmare hundre år, men det vart nedlagt 01.07.93. I dag er det forskjellige butikkar i bygget.

Meierikrossen

I rundkjøringa på E-39 ligg område Meierikrossen, oppkalt etter det gamle nedlagte meieriet. Området her har mange butikkar/bensinstasjonar.

Bank

Gjesdal Sparebank kom i drift den 30. juni 1885. I 1955 flytta banken inn i sitt eige nybygg, og etter utviding og ombygging i 1982 fekk bankbygningen si nåverande utforming. Frå 1. oktober 1976 gjekk banken inn i Sparebank Rogaland under namnet SR-Bank Gjesdal. I ettertid er namnet endra til Sparebank 1 SR-Bank Gjesdal.

SR-Bank Gjesdal har flytta til Megabygget ved Stasjonen. Lokala vart selde til Helsebanken AS som driv legekontor og fysioterapi i bygningen.

Ålgård kyrkje, Ålgård gravkapell og prestebustaden

Ålgård kyrkje vart bygd i 1917, vigsla 11. mai 1917. Arkitekt var Ø. Stein frå Oslo. Kostnadsoverslaget for kyrkja fullt ferdig var kr 24 000,-.

Ålgård gravkapell vart bygd i 1938, men vart i 1989 omgjort til kyrkjestova der det m.a. er barneparkering under gudstenesten.

Prestebustaden vart tatt i bruk i mars 1940 og fekk sin elddåp i april dagane 1940 då merker etter tyske kuler endå var synlege i veggene. For å opparbeide ny gravplass, vart presteboligen riven. Ny prestebolig i Fiskebekkveien vart ferdigstilt i november 2004.

Baptistkyrkja

Ålgård Baptistmenighet er ein av dei største i landet, og har bygd kyrkje på Ålgård – ei kyrkje som og inneheld kjøkken, aktivitetsrom utanom møterom og forsamlingssal. I år 2001 var menigheten 100 år.

Ålgård bedehus

Ålgård bedehus vart tatt i bruk hausten 1985. Stor dugnadsinnsats, totalt 32 000 timer, og stor givarglede gjorde at bedehuset var gjeldfritt i 1988. Bedehuset er bygd på tomte der den gamle Ålgård skole låg.

Krambugata

Krambugata er den gamle handelsgata på Ålgård. I dag er det få butikkar igjen, men ein finn blant anna ein keramikkverkstad. Det er bygd eit stort leilighetscenter.

Edlandshagen - Perlå

Promenaden fra Storahuset langs kanalen og Edlandsvatnet er eit idyllisk parkområde med badestrand og bryggje. Vatnet er rikt på aure, røye, sik og ål.

Norges Statsbaner

Det var i 1924 at jernbanen vart åpna opp til Ålgård. Den vart offisielt nedlagt i 1988.

COOP Gjesdal BA

Gjesdal Forbrukslag som det opprinneleg heitte kom i drift i 1913. Utvidingar og nybygg har etter kvart tvinga seg fram. I 1984 fekk bygget i Meierikrossen den utforming det har no. Bygget er seld og ny verksemd basert på detaljhandel er etablert bygget.

På parkeringsplassen er byggjeprosjektet ”Straen” bygd med 22 leilegheiter med utsikt utover Edlandsvatnet.

Samvirkelaget har endra namn til COOP Gjesdal BA og flytta til stasjonsområde den 17. september 1997. Bygget inneheld daglegvarebutikk, bygg Mix, kafè, landbruksavdeling, sportsbutikk og bank.

27. oktober –05 opna nytt kjøpesenter, stasjonen ålgård, med åtte nye butikkar.

Ålgård Bygg

Arne Skjæveland starta opp med trevareindustri og trelasthandel i 1951. Firmaet er no oppkjøpt og flytta ut av kommunen. Eit forretningsbygg oppført i 1980-åra inneheld m.a. leiligheter, apotek, frisørsalong og butikkar.

Hermetikkfabrikk

I 1896 starta Gabriel Espeland (1864 – 1924) slaktarforretning i Ålgård. Ådne Espeland f. 1917 overtok som eigar i 1941 og har saman med ektefellen Ella dreve fram og utvikla fabrikk til det den er i dag med topp moderne utstyr i fabrikkbygning, oppført i 1972, der det blir produsert hermetikk og kjøttvarer. Medaljer av edlaste slag er beviset på at kvaliteten er topp. Jæderproduktene var å få i fabrikkutsalget i Meierikrossen, men dette vart nedlagt i februar 2002.

Strikkefabrikk

Johan Skjæveland starta opp med maskinstrikking i 1929.

April 2001: Spilka Gruppen, som eier Devold Tekstil, kjøper opp resten av Skjæveland.

Produksjonen av jakker og gensere ble i april 2004 flyttet til Ålesund eller Litauen.

Fabrikkutsalget til Skjæveland Strikk/Devold er nedlagt.

Solås bo- og rehabiliteringssenter (tidlegare Solåsheimen)

I 1989 vart sjukeheimen ombygd og utvida for vel 20 millionar kroner. I løpet av dei følgjande tiår kom fleire nye og viktige moment som førte til behov for ny renovering, og nyoppussa sjukeheim vart åpna av ordfører Karl Edvard Aksnes den 13. februar 2002. Den har no plass til 15 bebuarer i korttidsavdelinga og 15 bebuarer i langtidsavdelinga. Romma er einerom med eige bad og toalett. Dessutan er det kontor for heimetenesta, administrasjonen, fysioterapeutavdelinga og kjøkken.

Gjesdallhallen

Idrettshallen vart reist ved hjelp av offentlege tilskot, innsamla midlar og stor dugnadsinnsats, og vart tatt i bruk i oktober 1985. Ny idrettshall vart opna 27. august 2004. Det er anlagt tennisbane, fotballbane og kunstgrasbane i nærleiken av idrettshallen. Eit sentralidrettsanlegg er under planlegging. Skisseprosjektet er godkjent og administrasjonen arbeider vidare med saka. Anlegget får namnet Gjesdal idrettspark.

Solås skole

Solås skole vart tatt i bruk i 1989. Den har blitt utvida 2 gonger – ei lita utviding i –92 og ei svært stor utviding i –96. Skolen sin kapasitet blei dobla frå 01.08.96. (Barneskole).

Solås barnehage ligg også i nærleiken av skolen.

Krossensenteret

Leilegheiter.

Magneten

Kjøpesenter med 20 butikkar.

I gamle "Udlauset" er det i dag malerbutikk, trimloft og distriktet sin mest særprega blomsterbutikk .

Idrettsanlegg

Ved stasjonsområde er det idrettsanlegg med fotballbane og løpebane.

Ålgård bo- og aktivitetssenter

Nytt bu- og aktivitetssenter stod ferdig hausten 2000 og vart åpna av stortingsrepresentant Magnhild Meltveit Kleppa den 29. november -00.

Senteret inneheld blant anna:

2 bufelleskap for aldersdemente

14 omsorgsboligar

4 serviceleiligheter

Aktivitetssenter med kafeteria

Dagsenter for aldersdemente, psykisk utv. hemma og funksjonshemma

Kontor for psyk. heimeteneste og heimetenesta sone 2

Treningsbasseng, trimrom m.m.

Bærland skole

Bærland barneskole på Opstad. Skolen vart bygd i 1986 med utviding i -87 og -93. Bærland barnehage ligg også i nærleiken av skolen.

Nesjane barnehage

Ny 4 avdelings barnehage vert opna av statsminister Kjell Magne Bondevik i august 2005.

Kodlidalen barnehage

Ny 5 avdelings barnehage vert opna av stortingsrepresentant Eirin K. Sund i august 2006

Industriområde på Opstad

Industriområde er utlagt til blant anna bedrifter innanfor trykkeri, engroshandel med maskinar og utstyr for olje- og gassutvinning, produksjon av metallkonstruksjonar/deler og bygningsartiklar m.m.



Foto: Geir Einarsen

Gjesdal Gjestgiveri**Hotell**

Gjesdal Gjestgiveri har 42 doble rom. Hotellet er eit populært kurs/konferanse hotell.

Kongsgata

I Kongsgata ved Kongeparken finn du fleire typer servicebedrifter. Blant anna frisør, hudpleie, bensinstasjon, catering og spisestader. I tillegg har Kristkirken sitt menighetshus her.

Fritidspark

Kongeparken – opna i mai 1986. Her er fart, spenning og underhaldning. Parken drives i dag av familien Lund.

Campingplass

Kongeparken camping ligg like i nærheten av fritidsparken og har 27 utleiehytter.

Ålgård ridesenter

Stor aktivitet med ridekurs m.m.



Foto: Copyright Kongeparken

Reiseførar

Vaula bru – Søyland



Foto: Marit Simonstad Kvaale

Vaula bru – vegdele

Her går RV-45 om Oltedal gjennom Hunnedalen til Sirdal. Og her frå går vegen om Gjesdal til Madland og Brekko – og til gardane i denne delen av bygda.

Bollestad – smedar

Det var her den kjende ljåsmeden Ola Bollestad hadde smia si. Broren Peder hadde og smia her. Då Ole Gabriel Kverneland begynte å lage ”fabrikkljåar” i 1879 var det mange som meinte at ljåjernet måtte verta øydelagt av ei slik omsynslaus og ukontrollert hamring. Bøndene var skeptiske til fabrikkljåane. ”Nei” sa dei, ”la oss gå til Bollestad etter ljåar. Då veit vi kva vi får.” I 1860-åra var det 18 smedar i Gjesdal som smidde rundt 8 000 ljåar for året. Rundt 7 800 av desse vart selde utanom bygda. Når vi snakkar om ljåsmedar må vi ikkje gløyma Sven Hansen Nese som i 1866 hadde vore ljåsmed i 46 år og kvart år smidde rundt eit tusen ljåar.

Straumane – elv/fossefall

Etter at DFU var starta opp i Ålgård i 1870 var det bønder i Gjesdal som med interesse fylgde med i dette. Dei første åra av 1870-åra var gode år, med gode prisar på jordbruksprodukta og folk vart grepne av ein viss spekulasjonstrang. På denne bakgrunn var det at ein del personar slo seg saman og ville byggja ein ny fabrikk – Gjesdal Ullspinneri – og utnytta fallet og vatnet i straumane. Det vart ikkje noko av dette då Ole Nielsen tilbød samarbeid og dei fekk aksjar i Ole Nielsen sin fabrikk.

Måganesleitet - nedlagt søppelplass

Måganesleitet var kommunen sin søppelplass til dei fekk søppelplass på Høyeholen inne på Bjelland. Søppelplassen på Høyeholen er no nedlagt. Gjesdal kommune har inngått samarbeidsavtale om avfall med IVAR. I dag blir all søppel transportert til renovasjonsplassen på Sele.

Auestad – gardsbruk

Her kan ein sjå vassleidninga for IVAR som går over elva og som fører vatn fra Storevatnet til Langavatnet. Derifrå går det vidare i ledning til Stavanger og andre kommunar som er tilknytta IVAR.

Hareland – gardsbruk

Rogaland kranskole held til på Hareland. Skolens formål er å driva markedsretta opplæring innan løfteinnretningar og redskapar.

Gjesdal Skyttarlag har bygd eit flott og moderne skyttaranlegg på Hareland. Skyttaranlegget vart åpna av fylkesordførar Roald Bergsaker den 30.09.2000. Skyttarlaget har lagt ned mange dugnadstimar på anlegget.

Rogaland Jægerklubb leiger ut selskapslokaler. Det er også eit anlegg for leirdueskyting.

Gjesdal Næringspark - Skurve

Tilretteleggingen er godt i gang. Snoren skal klippas i 2007, og innen då vil innkjørsel til E39, interne vegar, vatn, avløp, bredbåndslinje og gassledningar bli klart.

70 dekar er selt til AS Betong og Risa AS.

ASKO Rogaland etablerar seg i næringsparken. Dette vil gje ca. 200 nye arbeidsplassar.

Tøge – gardsbruk

Namnet Tøge eller Tøkje kjem av ”ein stad der det er lett å ta eller fanga dyr”. Det kan høva godt her. Elles finn vi Tøge både i Strand og Nedstrand.

Skarsholen – gardsbruk

Bruket høyrer til Kyllingstad, gnr. 31.

Kyllingstad – gardsbruk, postgard, ættegranskar, vegdele

I år 1745 finn vi Kyllingstad nemnt som postgard.

Ættegranskaren Søren Arneson var frå Aurogådo og har skrive ætteboka for Gjesdal.

Frå Aurogådo går det veg om Årreberg til Tjetland. Stengd for vanleg trafikk.

Frå Kyllingstad går det veg til Nordås – gamal ferdselveg vidare til Bjerkreim.

På Kyllingstad er det ein offentlig badeplass.

I forsamlingshuset på Kyllingstad samlar unge og gamle seg til møter og aktivitetar.

Søyland – skysstasjon, vegdele, bustad for både lensmenn og ordførar

Klaus Søyland hadde skysstasjon ned ved ”storvegen”. Ei god ordning etter tilhøva i den tid.

Frå Søyland går vegen til Kydland og vidare over Nedrebø til Bjerkreim.

Det var her Svein Søyland budde – bonden, lensmannen og ordføraren. Under krigen kom tyskarane inn på lensmannskontoret og forkynte at dei no ville ha både bedehuset og baptistkyrkja til sine føremål. Lensmannen meinte at dei måtte greia seg med eit av dei, slik at kristenfolket i alle fall hadde att eitt av desse husa til å samlast i. Ein av dei tyske offiserane svara då at lensmannen måtte påleggja kristenfolket å be til Gud om hjelp til Hitler slik at tyskarane kunne vinne krigen. Det var då Svein Søyland – lensmannen svara: ”Nei, då får de heller ta begge og så får de beda sjølve”.

Søya Gardsutsal

Søya Gardsutsal vart åpna 1. mai –98 og kan by på heimalaga drops, honning fra eigen bigard, spennande gardsmatprodukt, eit rikt utvalg av brukskunst, eige galleri med skiftande utstillingar frå kjente kunstnarar og sjølv laga drakt ”Søya Drakten”.

Søya Hytteutleie

Hytter til utleie



Reiseførar

Lomelandsvik – Gjesdal – Vaulabru



Foto: Inger Gjesdal

Gjesdal kyrkje, bygd 1848

Oltedalsvatnet – regulert vatn 116 m.o.h.

Magasin for Kraftstasjon i Oltedal.

Fisk: Aure, ål og sik.

Ravndal på hi sida med Ravnås eller Rabnås som det heiter på bygdamålet.

Det er anlagt parkeringsplass ved friluftsområdet med den populære badeplassen.

Moen – husmannsplass

No delvis rasert av elva. Her budde Torger Andreasson Ravndal (1855 – 1912) med sin store barneflokk. Flytta til Ålgård i 1896. Gjesdal hadde få husmenn i høve til andre kommunar. I 1865 var det 8 husmenn i Gjesdal, mens det på same tid var 60 i Time.

Ravndal – gravhaug, garden

Ein uvanleg fin gravhaug opp ved tunet – til venstre for bygningane. Ei segn fortel at det skal liggje gravlagd ein konge her, som var på flukt frå Lomeland. Dei Ravndal slo han ihel og gravla han i denne haugen. Eller kanskje det var andre som gjorde det, men her skal han – kongen – i alle fall vera gravlagd.

Garden – bruket som ligg nærast elva er det bruket som første ordføraren i Gjesdal var i frå. Første ordføraren var Jesper Tjølsen Ravndal (1780 – 1847).

Kyrkjeneset – minkfarm, skiljeplass

Kyrkjeneset har hatt minkfarm. Før den tid var det nokre år fiskeoppdrett, men det gjekk ikkje. Det som dei fleste kjenner Kyrkjeneset for, er alle dei år denne staden vart brukt som skiljeplass for sau. Sauedriftene kom over Madlandsfjellet og vart skilde her, og så var det driving eller køyring vidare heim til dei forskjellige eigarar. Skiljeplassen var i bruk til og med 1953. Frå og med 1954 vart sauedriftene skilde i Gaudeinå og på Kvævemoen og så køyrte heim.

Skeie – gamle hustufter

Skeie ligg på andre sida av Ravndalselva – midt for Kyrkjeneset. Ved utgraving i 1930 åra vart det avdekka 3 hustufter og fleire gravhaugar frå folkevandringstida. Her har det vorte dreve med mye malmsmelting inne i huset, ved blesteromn.

Namnet på den gamle garden – Skeie – seier oss at det har vore ein stad for hestekampar, hestevaddeløp og vel også andre former for kappleik og moro. På Østabø er det også ein øyde plass ved elva. Denne plassen heiter Skei, og er vel brukt til noko liknande som Skeie på Ravndal.

Eit segn fortel at den første kyrkja i Gjesdal stod på Skeie – på Ravndals eigedom. Kanskje ”Kyrkjeneset” har noko med dette å gjera? Segna fortel at kyrkja ei natt vart flytta til garden Gjesdal, der kyrkja seinara har stått. Det var munkar som flytta kyrkja – men kvifor er det ikkje sagt noko om. Det vi veit sikkert er at det i 1346 er omtala ei ”Gestala kirkja”, men kor den stod veit vi ikkje.

Bjellandsheia – vegdele, Bruraholen

Herfrå går det veg til Madland, Brekko og Nevlandsheia.

Om ”Bruraholen” fortel sagnet: For langt tilbake i tida då Gjesdal kyrkje stod på Skeie, vart det høgtida brullaup på Helland. Brureparet med følgje reid av garde til kyrkja, men komme utanfor Kråkenuten kom det eit øverhendig jordras ned frå fjellet og begrov brurefølgjet. Jordraset stansa først i dalen der det vart liggjande som ein svær haug – Bruraholen.

Bjelland – garden

Ligg fint til med utsikt utover dalen. Det seiast at ein mann her frå – Einar Bjelland – var den første utvandrar frå Gjesdal til Amerika.

Hellandstunet

Restaurerte bygningar som mellom anna blir utleigd til ulike arrangement med høve for servering.

Hadland – vegdele – med veg til Helland og Tjetland

På Hadland var det skolehus med lærarbustad for Gjesdal skolekrins. Det var her ”Bråstien på Bjedland” var lærar i nærare 50 år.

Frå Hadland går det veg til Helland der vi finn Helland samdrift. Ein gard med stordrift. Vegen går og til Tjetland. På Tjetland er det grove ut ei 27 meter lang hustuft frå farne tider.

Og på Tjetland har vi Tjetlandsnuten der segnet fortel at det budde ei gygra. Då kristendomen var komen så langt at dei tenkte på å byggja kyrkja i Gjesdal, skapte det uro blant ”mørkets makter”. Særleg var gygra i Tjetlandsnuten forarga på dette. Ein morgon då ho var tidleg oppe og så utover til Gjesdal på arbeidet med kyrkja, og nett var i ferd med å kaste ein stor stein for å få slutt på arbeidet, kom det ein sterk austavind som tok tak i gygra sin stakk og bles gygra til Limavatnet, der ho vart liggande for godt. Her kan ein enno ved lågt vatn sjå ryggraden av gygra sin forsteina lekam.

Gjesdal – ljåsmie, bautastein, kyrkje

Smia til Gjesdal Ljåfabrikk er restaurert og er i driftsmessig stand. Mange tusen ljåar er ned gjennom tidene smidde i Gjesdal, og for ein stor del selde utanfor kommunen.

Bautasteinen vart reist i 1914 i samband med 100 årsjubileet for grunnlova som vart vedtatt på Eidsvoll 17. mai 1814. Steinen vart henta på Helland og køyrt hertil på ein spesiell slede.

Kyrkja vart bygd i 1848 av den kjende kyrkjebyggjar Tollak Gudmestad frå Nærbø. Han har bygd mellom 15 og 20 kyrkjer i Rogaland. Gjesdal kyrkje er oppført etter teikningar av slottsarkitekt Ditlev Franciscus Linstow. Det var han som var arkitekt for slottet i Oslo. Taksteinen som vart lagt på kyrkja i 1848 var laga på teglverket – ”panneverket” som då vart drive på garden Gjesdal ved ”bekkjen”.

Altartavla i Gjesdal kyrkje er laga av Tomas snekker og er måla av den kjende målaren Peter Reiners. Og her har det og stått kyrkje før denne som vart bygd i 1848.

Kluge – gammalt bustadhus

Det gamle huset er i privat eige og er tatt godt vare på – saman med innbu og ting som naturleg høyrer til i huset og på garden.

Frå Kluge har vi funn både frå steinalder og frå folkevandringstida.

Grovika – tidlegare skiljeplass

Fram til 1950 åra var det her skiljeplass for sauedrifter som kom heim frå Sirdals- og Setesdalsheiane om hausten (september).

Bollestad/Vaula bru – skulehus, smedar, handel

Første skulehus i bygda stod på Storenes – på andre sida av Vaula bru, men vart seinare flytta til Bollestad. Skulen vart nedlagt, men skulehuset var i ein del år nytta til bygdemuseum. Bygdemuseet er no på Limagarden.

Bollestad vart i si tid vida kjendt for ljåane. Her fann vi den kjende ljåsmeden Ola Bollestad. Og broren Peder hadde også smia her ved Vaula bru. I 1860 åra vart det årleg av Gjesdalsmedane – 18 i talet – laga rundt 8 000 ljåar.

I formannskapsprotokollen for 1842 kan ein lesa om revisjon av rekneskapen for 1841: ”ved fattigregnskapet bemærker revisjonen at en mulct av Ole Pedersen Bollestad for 3die gangs brøde ved ulovleg brændevinssalg stor 40 spd ikke nævnes i Protucolen for mer end 30 spd”.

Reiseførar

Bjellandsheia – Brekko og Madland



Foto: Marit Simonstad Kvaale

Bjellandsheia – husmannsplass

Husmannsplassen ”løeheia” var busett til rundt 1900. Folket flytta då til Ålgård.

Tobakken – husmannsplass

Dette var i si tid husmannsplass under Ravndal. Her budde Elen og Kristian Madland til ut i 1930 åra. Her var det nok ikkje alle som ville setja seg til bords, om dei var nokså svoltne! Kristian fortalde om tussar, troll og hulder.

På andre sida av elva ligg garden Nevland. Overfor garden ser vi Husafjellet, der det i si tid var styggeleg med trolldom. Nedanfor fjellet ser vi ura. Sagnet fortel at opp i Husafjellet budde det ei gygra med sine 2 døtrer. Tidleg ein morgon då dei skulle ned til elva etter vatn rann sola og både gygra og dei to døtrene vart omskapa til stein. Og der oppe i ura ser du dei, som 3 store steinar. Gygra i midten og ei dotter på kvar sida!

Vølstad – gardsbruk

Det er fleire bruk her. Om bruka er små og åkrane bratte, så er det mykje fjell og beite. Vølstad var ein av dei meir verdfulle gardane i Gjesdal. Vi veit at dei i 1630 åra dyrka nepe på Vølstad. Erik Vølstad vart då stemnd for retten for å ha stole nepe frå åkeren hos naboen Ola Sigmundson.

Osheia – vegdele

Her i frå går det veg til Brekko framom Vatne – eller Stølshei – som vel dei fleste seier. På Stølshei var det skolehus og lærerbustad – no nedlagt for mange år sidan. Det er noko visst å verta minna gong på gong om dette med sentralisering og nedlagte skolar, butikkar, meieri eller kva det no måtte vera.



Foto: Geir Einarsen

Brekko kapell – bygd 1997

Brekko – gardsbruk, friluftsområde, slagsmål, brann og trolldom

Det er Stavanger kommune som eig ein del av garden, den nedre delen som er utlagt til friluftsområde.

Jæren Friluftsråd forvaltar området. Området er utbygd med parkeringsplass, toalett, lysløype og godt utbygde turvegar. Det er lagt til rette for eit allsidig friluftsliv for både sommar og vinter. Her finn du jær-regionens einaste langrenn- og skiskytteranlegg og skileik-bakker. Prøv skog- og naturstien eller fiskelukka, før du et matpakken i varместova, gapahuken eller tek ei stille stund i kapellet.

Friluftstunet består av varместove og kapell bunde saman av eit overdekk mellombygg. Tunet blei åpna og vigsla 2. pinsedag 1997. I kapellet er det gudsteneste kvar første søndag i månaden. Det blir også arrangert vår- og haustkonsertar.
Arkitekt: Knut Hoem.

Den 28. juni 2002 åpna ordførar Karl Edvard Aksnes ny gapahuk. Den ligg ca. 1 km frå øvste parkeringsplass. Her er det fint å ta dags- eller overnattingstur med høve for å grille og å fiske.

Naboforholdet mellom Brekko og Madland var visstnok ikkje så godt i 1630 åra. Ole Brekko og Jesper Madland fekk då kvar ei bot på 1 ort (80 øre) for "Ringe Slagsmaal".

Natt til den 15. juni 1853 braut det ut brann i Brekko. Bygningane på dei to bruka i Brekko stod tett saman og med denne brannen strauk alle bygningane med så nær som eit sauehus. Dyra vart berga, men elles strauk alt med. 18 personar, dels vaksne og dels halvaksne måtte røma dei brennande bygningane og ta seg fram til Stølshei/Vatne og søkje husly der. 18 menneske, fattige leiglendingar mista alt utanom dyra. Og ingenting forsikra! Og kanskje dei også hadde gjeld!

Ole Brekko var i 1649 vitne i ei sak mot trollkjerringa "Kjetils-Berit". Ole fortalde i retten at han tykte han hadde småtroll rundt seg dag og natt. Ein heil dag hadde han gått rundt i Brekkefjellet med ein vedabør på ryggen i håp om å få fred. Det hjalp ikkje og han vende seg til "Kjetils-Berit" og ho smurde han inn med smurning "trutt kring alle lemene" står det. Og "Kjetils-Berit" tilstod at ho hadde lege i senga hans Ole og sjølv sett dei samme troll. Som ein skjønar så har det vore noko av kvart i Brekko!

Madland – gardsbruk, turområde

På garden Madland var utgangspunktet for driftetraffikken over Madlandsfjellet på veg til Sirdal/Setesdalsheiane. Madlandsfjellet har vore og er endå eit populært utfartsområde for folk frå heile Nord-Jæren, men særleg Sandnes- og Stavangerfolk har hatt Madlandsfjellet som sitt turområde med fleire merka løyper. Det var særleg for vintersporten på vinterstid at folkemengder drog opp til Madlandsfjellet til eit flott skiterreng. Høgaste toppane når opp til 800 meter. Mange minnest endå då det gjekk ekstratog fra Stavanger til Ålgård med skifolk som skulle til Madland.

Utbygging av alpine skisentra på Giljastølen, Stavtjønn, Sirdal og andre stader har gjort at det no ikkje lenger er den store utfarten til Madland som det var.

Reiseførar

Vaula bru - Oltedal – Dirdal – Gilja – Byrkjedal - Tverånå



Foto: Marit Simonstad Kvaale

Limagarden bygdatun – overtatt av Gjesdal kommune i 1985

Storenes – stad for skolehus

Bygdas første skolehus bygd her i 1871. Seinare flytta til Bollestad. Etter kvart vart det bygd skolehus på Ravndal (1875), Kyllingstad (1877), Vølstad (1878), Oltedal (1896). Bruksskolen på Ålgård kom i gang frå 1888. ”Skoleforordningen” som grunnskolen er bygd på, vart utferda av Kong Christian VI den 23. januar 1739.

Ytre Lima – Limagarden bygdatun

På Limagarden bygdatun kan du oppleve lokalhistorie og kulturlandskap forma av sauehald i generasjonar. Garden vart testamentert til Gjesdal kommune i 1985. Bygningane rundt det koselege tunet er frå ulike tidsepokar. Etter ein kort spasertur frå tunet opp til fornminnene på Fodnaberghelia, vil du sjå restar etter busetnad frå folkevandringstida.

Limagarden bygdatun er ope på sundager frå april til oktober. Utstillingar og aktivitetar heile sommaren. Limagarden er utgangspunkt for fleire merka turløyper. Det er Jærmuseet som drifrar Limagarden og Gjesdal kommune er eigar.

Ytre Lima – Limaskeiser

Her vart Limaskeisene laga. Var kjende også langt utanfor bygdas grenser. Like kjende – eller vel så det – som ljàane var. Limaskeisene blir i dag laga av Jan Inge Lomeland.

Ytre Lima – kvernhus

Restaurert kvernhus. Kvart bruk hadde ofte si eige kvern og kvernhus. Grunnen var vel at malinga tok så lang tid, og dei ville ikkje venta på kvarandre. Vanskar kunne det også bli med vedlikehaldet om fleire var saman om same kverna. Eller kanskje var det slik som mølleeeigar Ole Versland sa: ”Kvern og kjerring kan ingen ha i hop”.

Limavatnet – fiskevatn

Vatn, tjern, elvar og bekker har vi mange av, og mange er dei som har gått med fiskestonga og opplevd både spenning og glede med det. Og her er staden for å søkje ro og fred!

Lomeland – spadefabrikk

Olaus Lomeland dreiv spadefabrikk i mange år. Tusenvis av spader er laga der. Uvanleg sterke spader laga han for Opstad Tvangsarbeidshus. Olaus, som også var litt av ein original, hadde og sitt eige private el.verk.

Halten (Lomelandsvik) – husmannsplass

”Stara-Lars” f. 1835 budde her. I Gjesdal har det vore få husmenn samanlikna med andre bygder. ”Stara-Lars” finn ein i ætteboka for Gjesdal under Ytre Lima som nr. 60 j.

Oltedalsvatnet – regulert vatn, 116 m.o.h.

Her kan ein sjå korleis det ser ut når reguleringa er gjennomført. Eit nedtappa vatn syner aldri fram fine strender. Oltedalsvatnet er magasin for Stavanger kommune sin kraftstasjon i Oltedal. Vi ser over til Haugamark som fekk veg til gards i 1956 – som siste gard i Gjesdal.

Klubben – badeplass, campingsplass

Friluftsområde forvalta av Jæren Friluftsråd. Badeplass. Campingplass. Toalett.

Oltedal – tettstad

Tettstad med rundt 700 innbyggjarar. Grunnlaget for tettstaden er tekstilindustrien.

Kraftstasjonen bygd i 1908. Eigar: Stavanger kommune.

Lauritz Andreas Oftedal – Eidsvollmann i 1814 – hadde sine ætterøter frå Oltedal.

Oltedal kapell

Oltedal kapell bygd i 1926. Arkitekt: Helland, Stavanger. I dag disponerer Gjesdal Brassband huset.

Arbeidskyrkje i Oltedal

Søndag 10.02.2002 vart den nye arbeidskyrkja i Oltedal vigsla av biskop Ernst Baasland og prost Anne Sofie Haarr. Av byggekostnadane på totalt 12 mill, har Gjesdal kommune stått for 7 mill. og menigheten i Oltedal for fem millioner. Bak dei 5 millionane skjuler det seg innsamlingar, gavebeløp, dugnad o.a.

Oltedal skole

Oltedal skole, som ligg fint til på Pålskjær med utsikt over dalen, var det første skolehuset som vart bygd i Gjesdal etter krigen. Skolen er moderne med barne- og ungdomsskole samt symjehall. Det er etablert barnehage ved skolen.

Lafthuset

I november 2005 opna nytt turistsenter i Oltedal med kombinert kafe, restaurant og butikkar som sel matvarer, fritidsklede og fargerike tova ullprodukt m.m. Coop Marked har også postavdeling.

Tekstilindustrien

Grunnlaget for tettstaden var og er tekstilindustrien. Svanedal Ullvarefabrikk 1908, oppkjøpt av Sandnes Uldvarefabrikk og flytta til Foss-Eikeland. Gjestal spinneri 1937. Vi hadde spinneriet Vang, Smestad Strømpefabrikk og fleire strikkeri. Og vi må ikkje gløyma Ludvig Lima som var den som begynte og som hadde si verksemd i Utslåtto.

I dag er det kun Gjestal Spinneri ASA som er i drift med eige fabrikkutsal og kafedrift.

Jackon avd. Stavanger

Jackon Produkter er ei nyskaping i det lokale industrimiljøet. Fabrikken produserar bl.a. fiskekassar, grønnsakkassar og isolasjonsplater i isopor. Produktene frå Jackon har eit godt renommè i marknaden.

Oltedal bo- og aktivitetssenter

Oltedal bo- og aktivitetssenter vart åpna av ordførar Karl Edvard Aksnes den 3. november 2000. Senteret inneheld 5 omsorgsbustader, aktivitetsrom m.m.

Hellaren ”Utburen”

I april dagane 1940 kom det til krigshandlingar i Oltedal. Hellaren ”Utburen” vart då tatt i bruk som opphaldstad for folk som måtte rømme ut av bustadene sine. Hella romma 100 – 150 personar.

Rage – sand og grus, verna bru

Store mengder sand og grus har istida lagt att her. Det meste av det som blir tatt ut vart skipa ut over Oltesvik.

Rage bru.

Verna steinkvelvebru, bygd 1900. Lengde 26 meter. Kostnad: kr 5 399,63. I bruk til 1959. Innføringa av kristendommen med bygging av kyrkjer og katedralar i stein, med bogar og kvelvingar, gav og støyten samt inspirasjon til å byggja steinkvelvebruer. Vi har mange slike rundt i landet, bruer som er reine kunstverk.

Morkabakken – utsyn mot Mork og Høgsfjorden

Garden Mork ligg fint og lunt til. Tidlegare helsedirektør Torbjørn Mork har sine ætterøter herifrå. Hegdabakken ligg langs Ragsvatnet.

Vi ser Ragsvatnet som blir utnytta i kraftstasjonen nede i Oltesvik. Eigar: Stavanger kommune. Og vi ser Høgsfjorden – der det år om anna vert tatt opp store mengder brisling.

Røyrdalen – tunnel

Vegen gjennom Røyrdalen vart bygd ferdig frå Dirdal til Rage i 1900. I 1970/80-åra vart ein del av vegen gjennom Røyrdalen lagt i tunnel av sikkerhetsmessige grunnar. I 1930-åra gjekk ein sauebil utføre og hamna langt ned i ura. Ein del sauer og lam vart drepne, men menneskeliv gjekk ikkje til.

Norstone

Kleppen – utskipingshavn for steinmasse

Regionens største utskipingshavn målt etter tonnasje. Leverer steinmassar for eksport og til distriktet. Steinmassen blir blant anna nytta til å dekke røyrledningar i Nordsjøen. Størstedelen av eksporten går til England og Tyskland. Som ein kuriositet kan nemnast at steinmasse er blitt levert til Middelhavet og heilt til New Zealand. Stein blir også levert til land rundt Nordsjøen for førebygging mot bølgeerosjon.

Uttak av steinmasse per år er ca. 700 000 – 1 000 000 tonn. Anlegget i Frafjord leverer ca. 200 000 tonn sandmasse per år.

Bedriften har 25 ansatte fordelt på avdelingar i Dirdal og Frafjord.

Det er etablert eit nytt brudd med ressurser i opptil 40 – 50 år.

Dirdal – båttrafikk, krigshandlingar, kyrkja

Før det kom veg gjennom Røyrdalen i 1900 var Dirdal ”transitthamn for dalens folk – og også for folk frå Sirdal og Setesdal”. Ja, også folk frå Telemark passerte Dirdal på veg til og frå haustmarken i Stavanger.

Folket i Dirdal fekk eit nærare møte med krigen i 1940 enn dei kunne tenkja seg. Eit krigsskip kom inn fjorden og skaut granater innover dalen. Og det var her major Brandt og løytnant Brath fall etter eit overrumplande åtak av tyskarane. Også ein gjesdal-mann falt i åtaket, Kristian Helland, han vart 31 år. Minnestøtte.

Kyrkja på Dirdal vart bygd i 1903. Kyrkjegard har dei hatt på Dirdal frå 1889.

Båthamna i Dirdal gir muligheter for å dyrka båtliv og fiske på fjorden. Båthamna er ein populær treffstad for båteigarar frå heile kommunen.

EWOS Innovation AS

Cermaq ASA er eit av verdas leiande konsern innan fiskefôrproduksjon og oppdrett av laks. EWOS Innovation AS er Cermaq's FoU-selskap og bistår den internasjonale EWOS-gruppen og Cermaq i konsernet sine globale akvakultur-aktivitetar. EWOS Innovation er verdsleiande på forskning og utvikling innan havbrukssektoren.

Selskapet har 70 tilsette og et årleg FoU-budsjett på 90 mill. NOK.

Hovudkontoret ligg her i Dirdal med stasjonar i Lønningdal i Hordaland, samt i Puerto Montt, Chile.



EWOS Innovation AS sitt anlegg i Dirdal

Dirdal – Dirdalsmoen

Den gamle dalbotn ligg nokre meter lågare enn det nivå vi ferdast på i dag. Dirdalselva tok nytt leie då utløpet i Gloopedalen vart stengt, og den tok med seg svære massar av sand, grus og stein frå Byrkjedalsgryta og la det att nedover heile strekkja frå Gilja og like til havs på Dirdal. Heile dalen er såleis bygd opp nokre meter. Nede i Dirdal har dei gjennom fleire meter sand og grus kome ned på torvmyr.

Elles ser ein på Dirdalsmoane mange steinrøyser – gravrøyser og rydningsrøyser.

Dirdal skole

Dirdal skole er blitt renovert i dei seinare åra og framstår i dag som ein moderne barne- og ungdomsskole. Det er etablert barnehage ved Dirdal skole.

Gilja – veg til Frafjord, trevarefabrikk, tettstad

Veg frå Gilja over Giljastølen til Frafjord vart bygt i 1964. Frafjord hadde tidlegare ikkje veg. Dei var avhengige av båt. Denne vegen er stengt i Frafjord.

På grunn av stor rasfare på vegen frå Gilja over Giljastølen til Frafjord starta bygginga av ny veg med tunnel mellom Gilja og Frafjord våren 1997. Lengde på tunnelen er ca. 4. km. Vegen vart åpna den 10.06.1999.

I Frafjord finn vi og Månafossen med eit fall på 92 meter, Rogalands største foss. Held du fram med å gå vidare innover den vakre Måndalen på merka sti, kjem du til den nedlagte fjellgarden Mån.

Gjesdal Næringspark – Gilja

50 dekar næringsareal er under planlegging på Gilja.

Bo- og aktivitetssenteret på Gilja

Senteret vart offisielt åpna av ordførar Svein Kj. Søyland den 23. mai 1995.

I tillegg til 3 leiligheter inneheld senteret eit hovedbygg der aktivitsdelen er plassert i sentrum saman med eit storkjøkken og kontor for lege og helsesøster.

Byggeskikkprisen for 1995 vart tildelt Gjesdal kommune for bo- og aktivitetssenteret på Gilja.

Gilje Trevarefabrikk AS

Gilje Trevarefabrikk AS– ein hjørnesteinsfabrikk i Gjesdal. Tildelt SR- Bank Gjesdal sin ærespris i 1987. Produserar mange typer vindu og dører. Giljevindu er kjent for god kvalitet og blir selt over heile landet. Bedriften satsar på aukt eksport og er kommunen si største næringsbedrift.

Mulebakken

Gilja har – som følgje av Gilje Trevarefabrikk – vorte ein tettstad med kommunalt byggefelt. Mulebakken byggefelt har 56 tomter. Første grunnmur stod ferdig januar –01.

Byrkjedal – geologi, veg til Maudal, Byrkjedal ysteri, Østebødalen, bjørn, skole, post og handelsmann

Då isen var under smelting for rundt 10 000 år sidan, rann Hunnedalselva ut gjennom Gloppedalen og gjennom Bjerkreim vidare til havs ved Tengs. Men så ramla fjellsidene i Gloppedalen for om lag 10 000 år siden og Gloppedalsura – Nord-Europas største steinur – vart fødd. Hunnedalselva vart stengt og tok nytt løp ned gjennom Juvet og frakta med seg svære mengder sand og grus fra Byrkjedalsgryta og la dette att nedover Gilja og Dirdal. Vi ser tydeleg strandlina på Byrkjedalsvatnet. Her har det vore dramatik!

Dramatik var det og i Gloppedalen i april dagane 1940 då det var krigshandlingar der.

Vegen gjennom Gloppedalen vart bygd ferdig i 1924. Vegen, riksveg 503, har fått naudsynt rassikring i form av ny tunnel som vart opna i november 2005.

Når det gjeld Gloppedalsura, så er det ei gammal segn som fortel at det ein gong låg ein fin gard der. Det var svære steinblokker som ramla ned, det ser vi, og segna seier at dei høyrde ein hane gale djupt nede i ura 3 år etter at ulukka hende.

Det er og fortalt at ein gong før vegen vart bygd gjennom Gloppedalen, var det ein framand som ville gå gjennom ura utan kjentmann med seg. Han vart gåande i 3 dagar. Då folk fann han var han ”i trot og mest ihelsvolten”.

27. juni 2002 var det opning av det nye vegkrysset der riksveg 503 – Gloppedalsvegen møter Maudalsvegen og riksveg 45 i Byrkjedal. Prosjektet omfattar om lag 1300 meter ny veg på nemnde riksvegar og har blitt realisert gjennom eit godt samarbeid mellom Daniel T. Øvstebø, Statens Vegvesen og Gjesdal kommune. I tillegg er det og lagt asfalt på den utbedra delen av riksveg 45 ovafor Giljajuvet som er på om lag ein kilometer.

Veg til Maudal – eit lite bygdesamfunn på andre sida av heia. Kraftstasjon. Veg opp til Myrevatnet – der dei eldste spor etter folk her i landet er avdekka. 9570 år tilbake i tida!

Det er bygd fleire minikraftverk.



Foto: Geir Einarsen

Byrkjedalstunet

Byrkjedal ysteri

Byrkjedal ysteri vart bygd som ysteri i 1925. Samanslutta med Bjerkreim meieri i 1974. Grunnet for ysteriet var det store geitehald i distriktet. Geitehald er det nå bare på Østabø.

Byrkjedalstunet held no til i desse lokala. Byrkjedalstunet er eit fasinerande møte med norsk mat- og håndverkstradisjon, bl.a. ysteriet fra 1920, gammal sæter og lysstøperiet der ein lagar lys på gammalt vis. Med sitt særpreg og lokalisering har Byrkjedalstunet blitt eit svært populært reisemål og stoppestad for veifarande året rundt. Ekteparet Randi og Daniel Øvstebø, som driv Byrkjedalstunet, byr på heimelaga norske rettar og overnatting med atmosfære fra 1800 talet. Dei har mottatt fleire prisar for staden bl.a. ”Årets spisestad langs vegen - 2001” og ”SR-Bank Fondets Ærespris”.

Området frå Byrkjedal til Østabø heiter Byrkjedal og frå Østabø til Tverånå heiter Østabødalen.

Tverånå er fylkesgrense, samt grense mellom kommunane Sirdal og Gjesdal. Området frå Tverånå i Sirdal kommune heiter Hunnedalen.

I Byrkjedal vart det i 1906 drepne 12 sauer av ein svær slagbjørn. Magnus Østebø og Ingebret G. Østebø var med på bjørnejakt i Byrkjedal. Dei såg bjørnen, men Gunnar I. Østebø, som skulle skyta våga seg ikkje til, og bjørnen labba vidare over elva og oppover mot Støladalen og Maudal.

I Byrkjedal var det tidlegare skolehus, poståpneri og handelsmann. Alt dette er no sentralisert bort!

Motland – ryggen

Før det kom veg gjennom Juvet gjekk ferdelsvegen over Rokleiva – frå Gilja inn dalen – over Rokleiva og ned her utanfor Motland. Vegen gjennom Juvet vart bygt i 1880-åra. Gå ikkje over Rokleiva når det er mørkt, for der oppe spøkjer det. Det er ”draugen” som strever med å få på plass ein stiftestein som i si tid vart tatt bort og kasta i vatnet!

Ryggen er ein husmannsplass under Motland. Den siste som budde der var Ludvig Kvidaland.

Mjåland – skolehus, steinrøys, sauebeite

Her var det skolehus for Motland, Mjåland, Retland og Østebø. Nedlagt i 1962.

Arne Garborg har skreve om Mjåland – steinrøysheim – men det er nok Østebø Garborg har skreve om. Han tok inn hos Siri og Ingebret Østebø.

Både her og vidare oppover er det store vidder med gode sauebeiter, noko som mange saueeigarar på flatbygdene har nytt godt av.

Retland – tellestasjon

All sau som vart sendt på heiebeite vart registrert her. Og det vart her betalt ”vegpenar” som seinare vart fordelt på dei grunneigarar som har stilla beiteplass til rådvelde langs driftevegane.

Østabø – Skarkjen, garden, vegbom

Vi nærmar oss Østabø og på sørsida av elva ser vi ”Skarkasteidn” ein stor, svær stein som er kløyvd i to. Segna seier at ein svær rise-Skark eller Østabø-Skarkjen og Frane var ein gong saman på Østabø. Om det var kvinner eller anna dei vart usamde om, er det ikkje fortalt noko om, men Østabø-Skarkjen vart så sint at han slo neven i ein stor stein så den kløyvdes. Og steinen ser vi, den står der – Skarkasteinen – kløyvd i to. Sterke karar som her var i ordskifte.

Tradisjon med geitehald her på garden – 365 meter over havet – og som ein finn nemnt første gong på 1600-talet. Ved Østebø ligg rasteplassen Skei. (Skei betyr ”raste”). Her var det stopp og kvile for ferdefolk og driftekarar på veg frå og til byen, Sirdal, Setesdal og Telemark. Vegen vidare austover er ikkje heilårsveg. Det er derfor det er vegbom her, som stengjer av vegen om vinteren.

Gaudeinå – buplass, skiljeplass

Gaudeinå har vore buplass i eldre tid. Ein må prøva å setja seg inn i kva som ”talde noko” når ein valde seg buplass. Jakt- og fangstvilkår for å overleva.

Skiljeplassen for sau anlagt her i 1954. Flytta lenger opp i dalen i 1989.

Søylanden – stor steinblokk

Steinblokka ramla ut av fjellet på sørsida av elva i 1920 og vart ståande slik vi ser den.

Grunnen til at den er kalla ”Søylanden” eller ”Søylandssteinen” er at lensmann Svein Søyland la ned mykje arbeid for å få veg gjennom Hunnedalen over til Sirdal. Lensmann Søyland var ein stor og ruvande person, så denne steinen høvde godt som ”bauta” over Svein Søyland.

Østabøstølen – hyttegrend

Østabøstølen vart brukt til stølsdrift av østabøfolket fram til 1958-59. Det vart slutt med mjølking på stølen i 1930 åra. Etter 1930 åra vart det slått grass og ungdyra beita på stølen. No er dette eit populært hytteområde med mange hytter. Røde Kors har hytte med førstehjelpsstasjon her. Og hytter er det vidare oppover mot fylkesgrensa. På ettervinteren 1989 gjekk det eit snøras på Østabødalen som raserte ei hytte og som dessverre krevde to menneskeliv.

Tverånå – fylkesgrense

Tverånå er fylkesgrense mellom Rogaland og Vest-Agder og kommunegrense mellom Gjesdal og Sirdal. Tverånå er delvis tørrlagt som følge av overføringa av Tverånåtjønna til Hunnevatn. Rundt 1920 vart det opp ved Tverånå funne ein bronsekjel i ferdselsvegen mellom Dirdal og Setesdal. Kjelen vart funne under ein ”hedlar” midt på Hunnevatnet. Kjelen er laga i Italia. Bare ein liknande kjel er tidlegare funne her i landet. Du kan sjå kjelen i Stavanger Museum.



Gloppedalsura

Reiseførar

Gilja – Frafjord




Foto: Marit Simonstad Kvaale

Månafossen – fritt fall 92 meter.

Gilja – tettstad

Tettstaden Gilja – med Gilje Trevarefabrikk A/S, kommunalt byggefelt og bedehus er utgangspunktet for vegen til Frafjord. Sjå elles reisefører Vaula Bru – Tverå.

Giljastølen – hyttegrend

Her oppe har det frå gammal tid vore stølsdrift av folket på Gilja. Då vegen frå Gilja over til Frafjord vart ferdig i 1964 førte det til nytt liv på Giljastølen. Det vart bygd hytter, parkeringsplass og skiheis. Her er det eit populært friluftsområde både sommar og vinter.

Frampå stupet ned til Frafjord kan vi tenkja litt på korleis dei har fått til ein brukande veg ned til dalen, ned til Frafjord. Denne vegen er nå stengt i Frafjord.

Frafjord – dalen, elva, gardsbruk, Franesteinen, Månafossen, Mån – nedlagt gard

Langs dalen renn Frafjordelva – lakseelva. Bendix Christian de Fine har i ”Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse” av 1745 nevnt ”Frafjord Aae” og ”Deerdals-elv” som lakseelvar.

Vi legg merke til dei store sand- og grusmassar som er lagt opp langs dalen som ligg der som minner frå istida og issmeltinga. Heile dalbotnen er dekkja av sand og grus – noko som gjer at jorda her har lett for å tørka opp.

Sand- og grusmassane blir no utnytta. Arbeidet med sand, grus og stein gir mange levebrød i vår kommune.

Skolen er sentralisert bort, landhandelen er nedlagt, men det er forsamlingshus og det er bedehus i dalen. Og vi har ”engelskhuset”, eit minne frå den tid då engelskmennene var her og fiska laks. Dei kom igjen år etter år. (Eigaren har videofilm frå denne tida).

På ein haug ved vegen nede i Frafjord er det reist ein bautastein. Den er utan innskrift og utan runer. Men denne bautaeen har eit namn: ”Franesteinen”. For fleire hundre år sidan stod den nyreist i dalen. Så vart den i førre århundre, då dei bygde veg gjennom dalen, reven ned og brukt som dekke over ei veita. Ei gamal volve – spåkone – kunne i 1920-åra fortelja at ho minnest då dei tok steinen. Då hadde farfar hennar stått i sine knebukser ute på tunet og sett langt på karane der dei kom dragsande med steinen. ”Dette ska dei få trega på”, sa han. I slutten av 1920-åra vart steinen tatt opp og reist på ny der han no står. Bautasteinen er vel i si tid reist som ei fruktbarhetssymbol – og som det vart ofra til. Mange ølbollar vart nok tømde og mange grautklattar vart nok lagte att ved bautaeen ved Franesteinen. Sidan denne bautaeen har mannsnamnet Frane, er det kanskje den første mann som rydde gard nede i dalen.

Vi har og sagnet om risen Frane i Frafjord og risen Skark på Østebø. Det var ein gong Frane var på Østebø. Dei vart då usamde om eit eller anna og Østebø-Skarken vart så sinna at han slo knyttneven i ein stor stein og kløyvde den i to. På Østebø ser du Skarkasteinen på sørsida av elva – der den ligg kløyvd i to.

Månafossen

Månafossen har eit fritt fall på 92 meter og er Rogalands største foss. Den er også ein av dei største i landet når det gjeld fritt fall – nr. 9. Fossen er verna og den er ein stor turistattraksjon og er vel verd eit besøk. På Eikeskog – den øvre garden i dalen er det parkeringsplass med toalett.

Månafossen har sitt namn etter garden Mån. Det budde folk på Mån til 1915. Den dagen i 1915 då folket på Mån – Månarane – flytta ut – då gret folk i Frafjord. At det var tøft å bu på

Mån, ja, det kunne dei sanna dei som hadde budd der. I 1905 var Hallvard Østebø, bonde på Mån, nede på Molaug og skulle henta eit spisebord og noko trematerial. Dette skulle han kløvja opp til Mån. Brua nede ved Eikeskog var så dårleg at han våga ikkje ta hesten over brua med kløv på. I staden for å lessa av ville han vassa over elva like ovanfor Eikeskog. Det var vår og snøsmelting, og det var langt større vassføring i elva enn vanleg. Komme midt ut i elva ville Hallvard snu, men då vart både han og hesten tatt av straumen. Hesten kom åleine heim til Mån og stilte seg opp der dei til vanleg tok kløva av. Hallvard fann dei først seinare på våren – under Eikeskogfossen. Den andre bonden på Mån var død eit par år før. No sat det att to enker med tilsaman 10 barn på Mån. Ellers byr Frafjord – Månafossen – Månadalen og Fidjadalen på særskilt interessante forhold når det gjeld geologien.

Hausten 2002 ble Garden Mån restaurert av Jæren Friluftsråd. Våningshuset er restaurert og det er bygd nytt på de tilhørende fjøstuftene. I nybygget er det sengeplasser for 31 personar.

I fylkeskommunen sin verneplan er Frafjordheiane verna som landskapsverneområde, med to naturreservat ”Migaren” og ”Ørestø”.

Frafjordheiane er skildra på ein framifrå måte i tekst og bilete i Stavanger Turistforening si jubileumsbok i samband med Turistforeninga sitt 100-års jubileum (1987) – Frafjordheiane.

Frafjord Hytteutleie

I 1995 ble det bygd utleiehytter i Frafjord. Hyttene vart tatt i bruk i 1996.



Foto: Geir Einarsen

Frafjord hytteutleie, bygd i 1995